# Aurland kommune

*Det naturlege valet*

**KOMMUNALOMRÅDE SAMFUNNSUTVIKLING**

***Reinhardt Sørensen, Jan Olav Å. Møller***

***Økonomiplanseminar, 01.06.2023***

# Kommunalområde Samfunnsutvikling

- Ny organisering der Forvaltning og utvikling og Teknisk vert samla.

- **Mål:**

- Straumlinjeforma tenester
- Meir fleksibilitet i kommunalområdet
- Koordinerte tenester
- Effektiv drift
- Gode tenester til brukarane / næringsvenleg kommune
- Ein kommunalleiarfunksjon med fokus på fagleg utvikling, heilskapleg tilnærming og god rettleiing i kommunalområdet
- Tydeleg rolle- og ansvarsavklaring
- Robust kommunalområde
- Kostnadseffektivt kommunalområde
- Attraktivt kommunalområde mtp framtidig rekruttering

# Status – organisering av nytt kommunalområde

Aurland kommune
-det naturlege valet

## Styringsdokument / prosjektplan

**KOMMUNALOMRÅDET SAMFUNNSUTVIKLING**

**Prosjektleiar:** Reinhardt Sørensen

**Styringsgruppe:** Jan Olav Å. Møller, Terje Horvei, Anne Margrete Gurley, Steinar Søgaard, Essi Mäki og Turid Stigen Sørensen.

**Prosjekteigar:** Steinar Søgaard.

Teke i bruk:

ENDRINGSLOGG

| Versjon | Dato | Endring | Produsent | Godkjent |
|---|---|---|---|---|
| *1* | *03.04.2023* | | *JOM* | *RES* |
| | | | | |
| | | | | |
| | | | | |

BEDREORGANISASJON
Mal for prosjektplan, Bedre Organisasjon 2021

## 5. TIDSPLAN / MILEPÆLER

| Fase | Milepæler | Tid | Leveranse | Skildring |
|---|---|---|---|---|
| 1 | Fastsette møteplan | 12.04.2023 | Møteplan | Arbeidsmøte 1. Som grunnlag for leveranse av prosjektplan. |
| 2. | Leveranse prosjektplan | 25.04.2023 | Prosjektplan | |
| | Gjennomgang dagens situasjon, framtidig dimensjonering og bemanningsplan med kompetansekrav. Satsingsområde. Interkommunale samarbeid, IKF. | 25.04.2023 Kl 10 - 13 | | Arbeidsmøte 2 |
| | Kultur. | 03.05.2023 Kl 10 - 13 | | Arbeidsmøte 3 |
| | Gjennomgang verdistraum, organisering, leiarstruktur, leiarteam kontor og lokasjon, organisasjonskart | 24.05.2023 Kl 10 - 13 | | Arbeidsmøte 4 |
| 5. | Leveranse utkast kunnskapsgrunnlag | 10.06.2023 | Rapport | Handsaming av det fullstendige kunnskapsgrunnlaget for utforming av kommunalområdet skal vere klart til 10. juni 2023. Det vil seie avgjerd om kva alternativ ein skal utforme vidare |
| 6. | Leveranse ferdig rapport kunnskapsgrunnlag | 20.06.2023 | Rapport | Rapporten skal innehalde organisasjonsplan for kommunalområdet. Denne skal brukast vidare i ein heilskapleg organisasjonsplan for Aurland kommune. Den skal stå ferdig i september/oktober 2023. |

# Nøkkeltalsanalyse - Samfunnsutvikling

## Nøkkeltalsanalyse
## Samfunnsutvikling

• Analysene viser at Aurland hadde høyere ressursbruk på plan og bygg enn sammenligningskommunene og landet u/Oslo i 2022
– Aurland hadde høyere ressursbruk på plansaksbehandling og kart og oppmåling og noe lavere ressursbruk på byggesaksbehandling enn sammenligningskommunene

• Aurland har høyere utgifter til kommunal vei enn sammenlignbare kommuner og landet u/Oslo

• Aurland har lavere nivå på årsgebyrene for VAR-tjenester enn sammenlignbare kommuner og landet u/Oslo, men høyere enn K-gr.17

• Analysene viser generelt høye selvkostgrader i Aurland.
– På avfall er selvkostgraden noe lavere enn sammenlignbare kommuner og landet for øvrig

- **Kommuneplanen sin samfunnsdel – er bindande for korleis vi arbeider og kva vi skal arbeide med**
  - Attraktive og inkluderande lokalsamfunn
    - Det er godt å vekse opp i Aurland
      - Gode og trygge omgjevnadar og møteplassar
    - Enkelt å leve klima-, energi- og miljøvenleg i Aurland
      - Forvaltninga skal ha grundig kunnskap og oversikt over natur- og kulturverdiane og ta miljøomsyn.
      - Klima og miljøvennlege transportløysingar, sirkulær økonomi og nå miljømåla i regional vassforvaltningsplan.
  - Framtidsretta tilrettelegging for næringsliv og besøksforvaltning
    - Grønt næringsliv med lokal verdiskaping og ein god forvaltning av den unike natur- og kulturarven.
      - Allsidig, grønt og framtidsretta næringsliv, besøksforvaltning, prioritering av jordvern og matproduksjon og at kommunen skal vera eit attraktivt reisemål heile året.
  - Ein førebudd og trygg kommune
    - Tilpassingsdyktig og førebudd kommune.
      - Ein organisasjon som heile tida har fokus på beredskap og har evne og kapasitet til gjennomføring av kommunen sine beredskapsoppgåver.
      - Organisasjonen må tilpasse seg utviklinga i samfunnet, korleis vi tek vare på natur- og kulturverdiane, og ha nok bustadar og tomter til innbyggjarane.
      - Grunnlag for kva interkommunale samarbeid me skal ha, teknologi, verktøy, ha god infrastruktur, førebudd på klimaendringar og auka bruken av bustadmasse.

# Kopling mellom plan og økonomi

- Overordna føringar frå samfunnsdelen:
  - FN sine berekraftmål
  - Klima og miljø: klimabudsjett
  - Folkehelse
- Det skal vere ein raud tråd mellom samfunnsdelen og økonomiplanen
  - Hovudmål, delmål og strategiar frå samfunnsdelen skal inn i økonomiplanen
- Økonomiplanen er handlingsdelen til samfunnsdelen
  - Mål og strategiar frå samfunnsdelen skal følgjast opp som tiltak i økonomiplanen og det må settast av midlar i budsjettet
  - Reguleringsplanar skal følgjast i økonomiplanen og budsjettet

# Samanheng i plansystemet

## Politiske planar

- Kva er utfordringane?
  - Planstrategi
- Kva skal me oppnå?
  - Samfunnsdelen
- Korleis skal me bruke areala våre for å nå måla?
  - Arealdelen
- Korleis skal me arbeide for å oppnå måla?
  - Temaplan, strategi og handlingsplan
- Kva skal me gjere dei neste fire åra for å nå måla?
  - Økonomiplan/handlingsdel

## Administrative planar

- Kva skal dei ulike einingane bidra med for å følga opp måla?
  - Verksemdplanar
- Kva vart resultatet?
  - Årsmelding

# Status KPA – kommuneplanen sin arealdel

- Har fått innspel om 12 prosjekt
- 76 personar møtte på grendamøta eller sendte inn innspel via digitale skjema
- Arbeider med kunnskapsgrunnlag utover hausten: Strategi om landskap og byggehøgde, strategi/notat om reiseliv og besøksforvaltning, eventuelt utgreiing av naturfare i enkelte område
- Fokus på arbeid med planomtale og føresegn i sommar
- Arbeid med plankart og ROS-analyse frå hausten
- August/september: Sak om vidareføring av framtidige bustadområde og næringsområde i gjeldande arealdel

# Nytt kommunestyre

- Folkevaldopplæring: plan, arbeidet med arealdelen
- Sak i oktober/november: Vurdering av innspel til arealdelen
- Planstrategi: Vedta ny planstrategi i løpet av hausten 2023

# Kommunalområde Samfunnsutvikling Verdistraum

- Meir samordna gjennomføring av bygge og utviklingsprosjekt
- Sjå påverknadsmoglegheiter, kostnadar og nytte av prosjekt og tiltak i eit tidsperspektiv.
- Felles tilnærming i høve styrande roller og dokument i prosjekt: Plan – utbygging – drift
- Breiare involvering av fagressursar i planlegginga, bygge- og vedlikehaldsprosjekt, samt drift.
- Samordne planfasen inn i investeringsprosjekta.






Det er i planfasen(kp, rp) det er størst påverknadsmoglegheiter i høve val av løysingar og føringar.

I byggefasen er det mindre påverknadsmoglegheiter, der svært mykje er styrt av byggherreforskrifta, tekniske krav til bygg(byggteknisk forskrift), håndbøker, vegnormalar, norsk standard, kommuneplan/reguleringsplan m.fl.

Dei største kostnadane kjem i byggefasen.

Samfunnsnytten av alle tiltak vi planlegger og bygger skal kome fram i driftsfasen.

# Verdistraum - framhald

- Det nye kommunalområde vil bygge oppunder måla i omstillingsprosjektet om:
  - Godt koordinert oppgåveløysing på tvers av kommunalområda med eit utanfrå-og-inn-perspektiv
  - Auka samordning og og gjensidig tilpassing på tvers av fag og tenester
  - Meir jobbing på tvers- styrke evne til langsiktig omstilling i tråd med samfunnsutviklinga
  - Utarbeide ei effektiv styringslinje i drifta.

  - Sentralt i omstillingsarbeidet er å kunne møte framtida med færre arbeidshender og auka fleksibiliteten innad i kommunalområdet. Dette vil påverke korleis vi dimensjonerar innad på områda, vridning av ressursar, organiserer arbeidet, leiarstruktur og prioritering av satsingsområde.

# Behov og grunnlag for endring

- Investeringsvolum: Høg aktivitet.

| 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 42,5 | 89,3 | 77 | 43,6 | 31,3 | 85,3 | 83,1 |
| 37,7 | 80,2 | 72,2 | 49,7 | 31,7 | 90,4 | 100,6 |

- Raudt syner rekneskapstala, svart syner budsjetterte midlar.

- Budsjett 2023: Kr 150 mill
  - Investeringsaktiviteten er for høg. Kommunen har eit klart og omfattande ansvar, oppgåve og plikt etter byggherreforskrifta i høve gjennomføring og oppfølging av drifts- og investeringsprosjekt. Tryggleik, helse og arbeidsmiljø skal ivaretakast frå start til mål i prosjekta.

- Vedlikehaldsetterslep bygg og vegar. Gjennom økonomiplan er det lagt plan for oppgraderingsprosjekt på kommunale vegar, samt sett av budsjettmidlar til ekstraordinært vedlikehald på bygg. Dette vil føre til reduserte driftsutgifter i framtida.



# Satsingsområde og økonomiske følgjer
(knytt opp mot samfunnsdelen)

- Aurland trafikk og parkering
  - Er knytt investeringskostnadar til oppstart og tilrettelegging
    - Areal, opparbeiding, tilrettelegging, skilting
    - Straum – anleggsbidrag.
  - 2-3 mill ekstra inntekter


AURLAND KOMMUNE

Parkeringsstrategi og organisasjonsform
Aurland trafikk og parkering

Parkeringsstrategi og organisasjonsform som grunnlag for parkeringsregulering

Prosjektnummer:95022
Fokus websak: 19/423

Vedteken av kommunestyret 17.09.2020 sak 066/20.

# Satsingsområde
## – oppfølging av samfunnsdel

- Plan- og byggherrestrategi
  - Oppfølging av retninga i samfunnsdelen.
    - Avgjerande for val av løysingar i reguleringsplanar.
    - Avgjerande for val av løysingar i drifts- og investeringsprosjekt.
    - Forankring i «Utviklingsprosjekt for Teknisk».


AURLAND KOMMUNE

Teknisk

*Unntatt offentlegheita §23.*

10.01.2020

**Utviklingsprosjekt**

Administrativt arbeid og prosjekt

Teknisk eining

Sentralt styringsdokument

Acos - websak:
20/563
21/46
22/12

# Satsingsområde

## Kommunal beredskap og brannberedskap

- Kommunalområdet vil ha ansvar for kommunal beredskap og brannberedskap
  - Viktig å ha gode rammer for å oppretthalde kapasitet og ressurser til alle type hendingar.
  - 21 av dei tilsette på kommunalområdet er Aurland brannvern.
  - Om lag alle på uteseksjon(bygg, veg og VA), samt andre på kontor er også i Aurland brannvern. Ved utrykningar vert alle driftsoppgåver/prosjekt/møter lagt til side. Opp mot 60 utrykningar i året.
  - Kommunal beredskap er teke med som satsingsområde og mål i samfunnsdelen.
  - Behov for nytt område og lokalitetar for brannvernet, uteseksjon, samordna med sivilforsvaret og ei mogleg ambulansestasjon. Dette er blitt meir aktuelt gjennom vedtak om stenging av Lærdalstunnelen i oppgraderingsarbeidet som skal gjerast der. Planavdelinga arbeider i arealdelen no med korleis ein kan finne egna nye areal til eit slikt område, og såleis kunne frigjere arealet på rutebilstasjon til kombinert bustad/nærings areal. Eit nytt areal kan også inkludere mellombels deponi og lagerområde, og såleis frigjere arealet i Flåm.


Fortruleg

BEREDSKAPSPLAN

FOR

AURLAND KOMMUNE

Revidert 23.03.2022

Vedteken av Aurland kommune [06.10.2016]


**Overordna ROS-analyse - Aurland kommune**

Rapporten inneheld:
Arbeidsmetode
Kommentarar til analysen
Planlegging og oppstart
Føresetnader og avgrensingar
Beskriving av analyseobjekt
No-situasjon
Tilråding
Vedtak
Gjennomføring

22.03.2014

1

# Ansvarsområder og fagområder på det nye kommunalområdet

Beredskapskoordinator/Kommunal beredskap
Aurland brannvern
Førebyggjande brannvern
Veg
VA
Parkering
Eigedom
Grunnerverv
Kommunaltekniske tenester
Driftskoordinator
Reinhald
Bygg
VA
Kommunale investerings- og utbyggingsprosjekt
Fellesprosjekt

Arealplanlegging/kommuneplanlegging
Kart og oppmåling
Byggesak
Næring
Vassforvaltning
Ureining
Miljø

# Omstilling og investeringar

- Ein del av prosjekta som følgje av prioriterte tiltak i omstillingsprosjektet vil medføre vesentlege kostnadar for kommunen.  Å gjere dei rette vala for framtida, val av investeringstakt og prioriteringsrekkefølgje vil vera sentralt i arbeidet vidare.






















